

Gloppen folkebibliotek:

Rapport for tildelte midlar frå Nasjonalbiblioteket:

Lenger ut!

Bakgrunn:

I 2023 fekk vi midlar frå NB til for første gang å prøve ut metoden Shared Reading hos oss, i prosjektet **”Lese i lag”**. Det ga meirsmak, og vi ville med prosjekt «Lenger ut» prøve metoden for andre målgrupper, enn for dei typisk litteraturinteresserte.

Val av målgrupper:

- Ungdomsskuleelevar (8.trinn ved Gloppen ungdomsskule, rett ved biblioteket)
For 8.klassingane: Interesse for bøker og lesing har gjerne gått ned samanlikna med korleis barn les t.d. i 5.klasse. Korleis vil det vere å lese for og saman med dei?
- Eldre ungdom (ved Nordfjord folkehøgskule, 6 km unna) i 18 – 20 års-alder: Elevar ved folkehøgskular er gjerne motiverte og opne for nye erfaringar. Kor stor vil den frivillige interessa for lesing vere der?

Gjennomføring:

8.trinn:

Vi fekk etablert god kontakt med ein interessert og motivert lærar. Klassa hennar vart delt i 3 grupper, og kvar gruppe hadde 3 samlingar på biblioteket, over ein kortare periode.

Vi nytta eit skjerma rom, der alle vart samla rundt same bordet i lag med leseleiar. For å skape ei hyggeleg atmosfære, vart det servert t.d. te, kjeks og eplebåtar. I tillegg hadde elevane tilgang til blyant og papir, både for å kunne notere undervegs, eller å teikne mens ein lytta til teksten. Dei kunne og lese med i den utdelte teksten som alle hadde framføre seg.

Vi erfarte at det er viktig å kunne tilpasse opplegg undervegs. Frå elevane var komne inn døra til biblioteket, til alle var samla og ein var klar til å starte, kunne det vere avgrensa tid att av timen.

Opplegget var som vanleg i ei Shared Reading-gruppe, med lesing, stopp for samtale undervegs, for så å lese vidare. Ei erfaring er at det tek tid å finne gode tekstar som kan høve. Leseleiar erfarte at det var vanskeleg å få til samtale om teksten, så det vart meir høgtlesing i desse gruppene enn når leseleiaren tidlegare har lese saman med vaksne. Det var ikkje så mange som fylgde med i den utdelte teksten.

Tekstar med erfaringar som ungdom kunne kjenne seg att i, kunne vere med å opne meir for respons/ samtaler. Men - paradoksalt nok, ein tekst dei karakteriserte som »kjedeleg» kunne likevel føre til meir samtale.

Lærar erfaringar: Elevane var ivrige og motiverte for å gå til biblioteket for desse timane, og meldte tilbake til henne etterpå: «Det var kjekt».



Ungdom på folkehøgskulen

Arbeidet i haust har vore konsentrert om ungdomsskuleevane. No er det etablert god kontakt med folkehøgskulen. På ei fellessamling med alle elevane tidleg i desember, deltok biblioteksjef og leseleiar. Der fekk alle informasjon om biblioteket sitt generelle tilbod, og ikkje minst: Informasjon om og invitasjon til Shared Reading lesegrupper - eit tilbod som vil føregå på folkehøgskulen 3 kveldar i januar/februar 2026..

Det ser vi fram til, og er spent på respons og interesse.

Etablering av ei ressursgruppe for leseleiarar i Vestland

Bibliotekutvikling Vestland har oppmoda til fleire tverrkommunale samarbeid innanfor bibliotekområdet. Vår leseleiar tok initiativ til ei ressursgruppe for leseleiarar. Denne er no i sving, med jamlege teamsmøter. Ei slik gruppe er viktig for erfaringsdeling, men kan og vere med å stimulere til motivasjon for å halde fram med Shared Reading-grupper.
